

BERGAN BYGG AS
Solbjørgsdalen 84
5282 LONEVÅG

Dato	23.03.2023
Vår referanse	2023/40204-3
Deres referanse	
Saksbehandler	Kari Elster Moen
E-post	Kari.Elster.Moen@vlfk.no
Telefon	95288829

Vedtak - dispensasjon frå byggegrense - fv. 567 - garasje - gnr. 78 bnr. 22 - Osterøy kommune

Vi viser til søknad av 08.03.2023.

Saka gjeld

Det er søkt om oppføring av garasje 31,3 meter frå vegmidte på fylkesveg 567 ved gnr 78 bnr 22 på Osterøy. Garasjen er søkt plassert på motsett side av bustadhuset enn fylkesvegen.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 567 for å oppføre en garasje på gnr. 78 bnr. 22 i Osterøy kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 08.03.2023.
2. Avstanden frå garasjen (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 567 skal vera minst 31 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Garasjen må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 567.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Garasjen kan ikkje oppførast før det er gjeve dispensasjon etter plan- og bygningslova av Osterøy kommune.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Garasjen skal plasserast lengre bort frå fylkesvegen enn bustadhuset på eigedomen. Den vil derfor ikkje vere til ulempe for drift og vedlikehald av fylkesvegen. Ettersom det er ein garasje, er det ikkje relevant å ta omsyn til at det er gul støysone på staden.

Etter ei samla vurdering vert det gjeve dispensasjon til oppføring av garasjen på dei vilkåra som er lista opp over, med understreking av at før garasjen kan byggast, må kommunen ha gjeve løyve etter plan- og bygningslova. Vedtaket etter veglova får ikkje føringar for kommunen si behandling av saka.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med hilsen

Linda Hjelmeland
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet underskrift

Vedlegg

1 **situasjonsplan_09.07_Situasjonskart.pdf**

Kopi til:

OSTERØY KOMMUNE

Postboks 1

5293

LONEVÅG